








Ordensreglar for Grinde skule

Grinde skule er ein PALSskule. Vi ønsker å:






-  Vise respekt
 -  Ta ansvar
 -  Skape tryggleik
- ...for kvarandre, for utstyr og for læringsmiljøet

PÅ GRINDE SKULE SKAL VI HA
EIT GODT MILJØ DER ALLE
HAR DET GODT





Du har blant anna rett på:

-  At alle er høflige og greie mot deg
-  At ingen ertar deg
-  At saker og ting du eig får vere i fred
-  At det er ro og orden i timane




Du har blant anna plikt til å:

-  Vere høflig og grei mot alle, både vaksne og barn på skulen og på skulevegen
-  Å møte presis til timar og avtalar
-  Passe på skulesakene dine og ta vare på skulen vår
-  Erstatte ting du øydelegg eller rotar bort med vilje
-  Halde deg på skulen sitt område i skuletida





Elles gjeld desse reglane:

-  Du skal ha med deg vanleg, sunn mat og drikke på vanlege skuledagar. Tyggis er ikkje lov.
-  Du kan bare kasta snøball på blinken
-  Om du brukar mobiltelefon utan lov, blir han lagt i administrasjonen og du kan henta han når skuledagen er slutt.
-  Tar du med deg ting og utstyr som du ikkje treng på skulen, har ikkje skulen noko ansvar for det

Grinde skule er ein trafikksikker skule

-  Dersom klassen skal på sykkeltur, skal du bruke hjelm. Sykkelen skal og vere i forskriftsmessig stand.
-  Du skal alltid gå på fortau, sykkelstiar og i undergongar der det finst.
-  Når du er på bussen, skal du sitje i ro og ha belte på (dersom det er belte i setene).

Eg veit at dersom eg bryt ordensreglane kan det føra til:

-  At eg kan bli møtt med konsekvensar som står i førehald til det eg har gjort (i h.h.t. PALS reglement og Tysvær kommune sitt ordensreglement)
-  At dersom eg ikkje har hjelm når eg skal på sykkeltur, eller at sykkelen ikkje er i forskriftsmessig stand får eg ikkje bli med. Då blir det alternativt opplegg på skulen.
-  Dersom eg kryssar hovudveggar i staden for å nytta undergonger, må eg inn til administrasjonen.
-  Om eg ikkje føl reglane på bussen, må ein vaksen sitte med meg neste gong.

Når det er heilt spesielle, akutte situasjonar er fare for at ein elev kan skade seg sjølv eller andre, eller er særleg utagerande, vil det vere nødvendig å stanse eleven. Ein kan då måtte vurdere om ein må

Ordensreglar for Grinde skule

skilje eleven frå resten av gruppa og plassere eleven i eit eige rom for ein kortare periode, til eleven har roa seg ned. Eleven skal då ha tilsyn av to vaksne. Når eit slikt tiltak blir sett i verk, skal ein straks melde frå til rektor og føresette. Det skal skrivast avviksmelding (j.fr § 2-9).